

## Kontrollutvalet

38

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/18	033	12.09.2018	24.09.2018	IBM

## OPPSUMMERING ORIENTERINGSBESØK SANDSØY OPPVEKSTSENTER

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering frå orienteringsbesøk 05.06.2018 til vitende.

### Vedlegg


Oppsummering av orienteringsbesøk 05.06.2018.

### Saksopplysning

Kontrollutvalet hadde etter ordinært kontrollutvalsmøte 05.06.2018 orienteringsbesøk ved Sandsøy oppvekstsenter.

Ein viser til oppsummeringa frå orienteringsbesøket som ligg ved.

  
Jostein Støylen  
Dagleg leiar

  
Ida Birgitte Marholm  
Konsulent

# ORIENTERINGSBESØK

## 05.06.2018

---

Sandsøy oppvekstsenter

KONTROLLUTVALET  
I SANDE



## **Innhold**

Forord .....	3
Innleiing.....	4
Målsetting .....	4
Gjennomføring.....	4
Sandsøy oppvekstsenter.....	5
Bygningsmasse .....	5
Årsverk og stillingar .....	5
Uteområde .....	5
Ventilasjon.....	6
Brannvern .....	6
Andre tilhøve .....	6
Sluttkommentar .....	6

## Forord

Kontrollutvalet si hovudoppgåve er i følgje kommunelova § 77 å føre tilsyn med forvaltninga i kommunen på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet nyttar primært kommunerevisjonen til å *utføre* prioriterte kontrollhandlingar, men kan i tillegg utøve sjølvstendige tilsynsfunksjonar, som til dømes orienteringsbesøk hos tenesteproducentane i kommunen.

Kontrollutvalet gjer merksam på at dei ikkje er fagfolk på områda som har utarbeida oppsummeringa. Oppsummeringa omtalar det utvalet har registrert på sitt besøk, samt fått greie på ved intervju/samtale.

18. juni 2018

Jostein Støylen  
Dagleg leiar Vest Kontroll

Ida Birgitte Marholm  
Konsulent Vest Kontroll

## **Innleiing**

### **Målsetting**

Føremålet med orienteringsbesøk er å gi kontrollutvalet oversikt over det kommunen forvaltar og som kontrollutvalet skal føre tilsyn med, slik at kontrollutvalet har grunnlag for å vurdere om drifta skjer i samsvar med gjeldande reglar, vedtak og intensjonar.

### **Gjennomføring**

Etter kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga. Kommunelova § 77 seier at kontrollutvalet skal gjere det løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

Meir presisering av kontrollutvalet sitt arbeid finn ein i forskrift om kontrollutval, som er fastsett av Kommunal og regionaldepartementet.

Orienteringsbesøket vart gjennomført 5. juni 2018, og fylgjande personar var til stades:

Kontrollutvalet i Sande kommune:

Olav Myklebust, leiar  
Linda Dyrhol, nestleiar  
Torbjørn Rekdal, vara  
Kari Ristesund, vara

Vest Kontroll:

Jostein Støylen  
Ida Birgitte Marholm

Sandsøy oppvekstsenter:

Ragnhild Våge Støyle, rektor

## Sandsøy oppvekstsenter

Rektor Ragnhild Våge Støyle orienterte og gav oss omvising. Skulen har 21 elevar fordelt på 2., 5. – 10. klasse. Vert 16 elevar til hausten, fordelt på 6. – 10. klasse. Barnehagen har 4 born som utgjer 6 plassar.

## Bygningsmasse

Skulen er bygd rundt 1960, men er svært godt vedlikehalde til å vere så gammal.

Skulen består av eit stort bygg.

Yttervegg ved personalavdelinga bør bytast.

## Årsverk og stillingar

Totalt 720,44% stillingar, fordelt på 8 lærarar, ped. leiar barnehage, assistent, reinhaldar og rektor.

Rektor er tilsett i 100% stilling. Har frå oktober 2016 vore konstituert rektor på Kvamsøy oppvekstsenter i tillegg. Leiar bør vere på ein plass, men har fungert nokolunde.

Lite sjukefråvær, vore ned i 0.

Vanskeleg å få kvalifiserte vikarar.

Fokus på trivsel og forutsigbarheit.

Vaktmeister i 20 % stilling, har også ansvar for ungdomsbustadar, garasje på Voksa, brannstasjonen og sjekke veglys.

## Uteområde

Stort område med blant anna ballbinge, klatrepyramide og grønsakshage.



Lite uteområde for barnehagen bak skulen, brukar også uteområdet til skulen.

Manglar litt inngjerding for å få større uteareal til barnehagen, dette er under arbeid av vaktmeister.

Barnehagen er elles mykje på tur.



## Ventilasjon

Ventilasjonsanlegg på ein del av skulen.

Kan opne vindauge.

Rullegardiner på dei fleste vindauge for å hindre sol inn.

Utfordring på personalavdelinga ved sol. Ventilasjon på plass.

Gymsalen er ei utfordring.



## Brannvern

Brannøving to gongar i året.

Branntrapp og rømmingsveg på loftet på plass.

Mogleg å gå ut vindauge i dei fleste romma.

Utfordring i gymsalen med rømmingsveg.

## Andre tilhøve

Gode elevundersøkingar.

Veldig bra å ha ansvar for eige budsjett, fått til det dei vil. Stort sett i balanse.

Godt utstyrt skule – har det dei treng.

Innrapportert utfordringar – manglande budsjett i høve vedlikehald.

Har både stasjonær og bærbar data.

Godt samarbeid med PPT. Få elevar med spesialundervisning.

Møtepunkt (felles lunsj) fire gongar i året med barnehage og skule.

## Sluttkommentar

Roten vegg i gymsal og garderober bør utbetrast snarast.

Ytterveg ved personalavdelinga bør bytast.

Svært ryddig og velhalden skule.







## Barnehagen

